

Tilskotsordning energieffektivisering

1. Føremål

Tilskotsordninga skal støtte energieffektivisering i Suldal kommune. Ein kan gje støtte til både energieffektivisering av bygg, produksjon av varme og energi og støtte til fornybar energi.

2. Oppfølging

Kommunedirektøren er ansvarleg for oppfølging og rapportering

3. Finansiering og plassering

Tilskotsordninga vert finansiert årleg i den ordinære budsjetthandsaminga.

4. Kven kan søke og når kan du søke

- Bustaden/hytta/bygget/produksjonsprosessen må ligge i Suldal kommune. Søkar må vere juridisk eigar.
- Verksemda/organisasjonen må ha kontor/arbeidsplassar i Suldal kommune.
- Søkar må vere folkeregistrert i Suldal kommune for å få støtte til tiltak i privat bustad.
- Søknadsfristen er 1. mars og 1. september

5. Type tiltak og lovleg støttenivå (sjå tiltak i tabell nedanfor)

- a) Bustader og hytter: Ein skal primært gje støtte til tiltak som ENOVA tilrår.
- b) Næringslivet og lag/organisasjonar: Ein skal primært gje støtte til tiltak som ENOVA tilrår. Støttebeløpet kan kome tillegg til anna offentleg støtte. For næringslivet må ein tillegg ta omsyn til gjeldande regelverk i EØS-avtalen, gruppeunntaket, som gir grunnlag for at det offentlege kan støtte med inntil 45% av kostnaden. For små og mellomstore verksemdar kan støtta aukast til henholdsvis 55% og 65% av kostnaden.

6. Krav til søknad (søknad på nettet)

- a) Private: namn, adresse, personnummer, kontonummer, skildring av tiltak, kopi av tilbod frå leverandør/fakturakopi, faktura ved utbetaling
- b) Næringsliv og lag/organisasjonar: namn, organisasjonsnummer, skatteattest og firmaattest, kontonummer, skildring av tiltak, kontaktperson, kopi av tilbod frå leverandør, adresse for bygg/aktivitet, sluttrapport/faktura

7. Frist for gjennomføring av tiltaket

Frist for gjennomføring av tiltaket er eit år frå dato for godkjenning av søknaden. Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført innan fristen vert vedtaket trekt tilbake.

8. Urettsmessige opplysningar

Ordninga er tillitsbasert. Dersom det viser seg at søkar bevisst har oppgitt gale opplysningar så kan forholdet bli politimeldt og støttebeløpet kan bli kravd tilbake med renter.

9. Rapportering

Det skal ved tertialrapportering og ved årsslutt vere ei rapportering som minimum inneheld totalt støttebeløp, tal søknader, tal innvilga søknader, kva det har blitt gitt støtte, estimert klimaeffekt av tiltaka.

Tiltak

1. Private hushald og hytter

Du kan søke om tilskot både i forkant og etterkant av når tiltaket blir gjennomført. Det kan søkjast om tilskot for tiltak som er gjennomført etter 01.10.2022.

- Dersom du gjennomfører tiltaket før du søker må du i søknaden legge ved kopi av utført arbeid og faktura.
- Dersom du søker i forkant må mottatt tilbud følge søknaden. Når du mottok faktura må du sende kopi til kommunen som føretek utbetaling snarast. Tilskotsmidlane vert då utbetalt før faktura forfell.
- Det er søkeren sitt ansvar å undersøke med Suldal kommune v/bygdeutvikling om tiltaket er søknadspliktig og deretter søke om byggeløyve.
- Du må vere juridisk eigar av bustaden/hytta.

Type tiltak	Kommentar
Luft til luft varmpumpe	<ul style="list-style-type: none"> • Både private hushald og hytteeigarar kan søke • Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden. Maksimal støtte er kr 20.000,- inkludert installering. • Private hushald med låg inntekt kan søke om 90%-dekning av varmpumpe i bustadhus, maksimal støtte kr 30.000,- inkludert installering. Det vil gjelde hushald med forsørgeransvar for born med samla brutto inntekt (eks barnetrygd og liknande) på inntil 600.000,- kr og einslege med samla brutto inntekt på inntil 400.000,- kr.
Solceller	<ul style="list-style-type: none"> • Private hushald kan søke. Tilskot solceller for hytter er under vurdering. • Tilskotet dekker inntil 60% av investeringskostnaden. Maksimal støtte kr 100.000,-. • Det vert gitt 20.000 kr i støtte til installasjon og 4000 kroner per kWp installert, opptil 20 kWp, • Anlegget må vere tilkopa elektrisitetsnettet gjennom ein plusskundeavtale. <p>Merknad: Dersom ein nyttar den kommunale ordninga så vil ein ikkje få Enova-støtte. Enova gir inntil 35% støtte, så den kommunale ordninga er 25%-poeng betre. Enova kan i tillegg gje støtte til leasing, det gjer ikkje kommunen.</p>
Luft til vatn varmpumpe	<ul style="list-style-type: none"> • Ordninga gjelde berre private hushald. Hytter som har installert vannboren varme kan også søke. • Tilskotsordninga dekker inntil 50% av investeringskostnaden • Maksimal støtte kr 50.000,-
Reint-brennande vedomn	<ul style="list-style-type: none"> • Både private hushald og hytteeigarar kan søke • Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden • Maksimal støtte er på kr 15.000,- inkludert installering. • Vil gjelde utskifting av gamal vedomn som er kjøpt før 1998.
Etterisolering og skifte av vindaug i bustadhus	<ul style="list-style-type: none"> • Ordninga gjelde berre private hushald • Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden • Tilskot kr/kvm, sjå eigen tabell. Vil gjelde hus frå 1987 og eldre • Areal og U-verdi på isolasjon og vindaug før og etter gjennomføring av tiltaket må kome fram i tilbodet eller på fakturaen. • Du kan ikkje kombinere det med støtteordning «oppgradering av bygningskropp» (totalrenovering) frå Enova. • Maksimal støtte er kr 50.000,-.
Anna	<ul style="list-style-type: none"> • Det kan vere fjernvarme, biokjel/flisfyring, ventilasjon med meir. • Tiltaket vil bli skjønsmessig vurdert.

	<ul style="list-style-type: none"> Tilskotet dekker inntil 50% av investeringskostnaden. Maksimal støtte på kr 100.000,-.
--	--

For oversikt over Enova sine støtteordninga, sjå www.enova.no.

2. Private næringsliv, sameige/burettslag og lag/organisasjonar

- Samla offentleg støtte for privat næringsliv kan ikkje overstige EØS-regelverket sine grenser, jf gruppeunntaket.
- Søker må sende inn dokumentasjon på anna offentleg støtte til same føremål.
- Mva-registrert verksemd får berekna støtte eksklusiv mva.
- Alle burettslag, sameiger, lag/organisasjonar og private yrkesbygg som er registrert i Brønnøysundregistret med adresse i Suldal kan søke.
- Det er søkeren sitt ansvar å undersøke med Suldal kommune v/bygdeutvikling om tiltaket er søknadspliktig og deretter søke om byggeøyve.
- Du må søke og få innvilga støtte før du bestiller materiale og tenester, eller inngår avtale med leverandør.
- Du må sende inn ferdigmelding når jobben er fullført. Denne skal innehalde sluttrapport, fakturaer for tiltaket og dokumentasjon på at fakturaene er betalt. Eigeninnsats inntil 100.000,- kr kan inkluderast. Det må dokumenterast med timeliste.

Type tiltak	Støttebeløp
Luft til luft varmpumpe	<ul style="list-style-type: none"> Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Maksimal støtte per varmpumpe er kr 20.000,- inkludert installering. Maksimalt 5 varmpumper per verksemd.
Etterisolering og skifte av vindauge	<ul style="list-style-type: none"> Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden Tilskot kr/kvm, sjå eigen tabell. Vil gjelde bygg som er oppført før 1987. Areal og U-verdi på isolasjon og vinduer må kome fram i tilbodet. Maksimal støtte er på kr 500.000,- for bygget/verksemda/organisasjonen.
Solceller	<ul style="list-style-type: none"> Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Det vert gitt tilskot på 2000 kr/kWp installert ekskl mva. Maksimal støtte er kr 500.000,-. Kjøp og installasjon av solcelleanlegg i burettslag, sameige, og private næringsbygg. For burettslag/sameige gjeld tilskotet felles solcelleanlegg. Anlegget må vere tilkople elektrisitetsnettet gjennom ein plusskundeavtale.
Anna	<ul style="list-style-type: none"> Det kan vere fjernvarme, biokjel/flisfyring, ventilasjon med meir. Klimaeffekten/energieffekten må kome klart fram av søknaden. Tiltaket vil bli skjønsmessig vurdert. Tilskotet dekker inntil 40% av investeringskostnaden. Maksimal støtte på kr 500.000,-.
Innovative prosjekt	Det kan bli gitt inntil 60% støtte til innovative energiprojekt. Tiltaket vil bli skjønsmessig vurdert. Maksimal støtte kr 500.000,-.

Dersom investeringa utløyser støtte større enn maksimalgrensa skal søknaden avgjerast av Formannskapet. Gjeld næring.

Tabell etterisolering og skift av vindu

Tiltak	Støtte/ Kvm	U-verdi Før tiltak*	U-verdi Etter tiltak
Etterisolere yttervegg 10cm	Kr 300	>0,3	< 0,22
Etterisolere yttervegg > 15 cm	Kr 400	>0,3	< 0,18
Etterisolere tak mot loft	Kr 300	>0,3	< 0,18
Etterisolere gulv mot kald kjeller	Kr 300	>0,3	<0,2
Nye vindauge	Kr 700	>2	< 1

*Vil gjelde hus fra 1987 og eldre